



Møtte nyfødde: Helse- og omsorgsminister Bent Høie (H) fekk møte nyfødde nordfjordingar då han besøkte Nordfjord sjukehus tidlegare i veka. Her møtte han også dei nybakte mødrene Lise Grønbukt frå Lote (framme f.v.) og Ingrid Sæbø Åland frå Bryggja. – Det var triveleg å treffe han, og vi håper vi får behalde God start-eininga, sjølv om det aller beste hadde vore å ha fødeavdelinga her framleis, seier Sæbø Åland. BEGGE FOTO: INGEBJØRG NILSEN STOKKENES

Set press på Helse Førde

Helse- og omsorgsminister Bent Høie (H) slo under besøket sitt på Nordfjordeid fast at Helse Førde må følgje opp vedtaka som er gjort.

● **Ingebjørg N. Stokkenes**
fjt@fjt.no

Ved God start-eininga møtte han dei nybakte mødrene Lise Grønbukt frå Lote og Ingrid Sæbø Åland frå Bryggja.

– Det var triveleg å treffe han. Vi håper vi får behalde God start-eininga, sjølv om det aller beste hadde vore å ha fødeavdelinga her framleis, seier Sæbø Åland.

Men å få tilbake fødeavdelinga var ikkje tema då helsestatsråden hasta frå avdeling til avdeling, med eit stort følgje etter seg. Han likte det han såg. Men då han møtte Sjukehusaksjonen fekk han i klare ordelag høyre at han berre hadde sett glansbildet.

Ros frå ministeren

– Arbeidet de har gjort står det respekt av, fastslo Høie, og ros-

te Nordfjord-ordførarane for å vere framtidsretta og vise i praksis kva behovet er, i staden for å stå på sidelinja.

Han var tydeleg då ordførarane i Nordfjord uttrykte uro for gjennomføring av dagkirurgi.

– Her er tilbod som ligg i

” Det er Helse Førde si oppgave å følgje opp vedtak.

Bent Høie
Helseminister

framtida og som gir grunnlag for optimisme. Sjøvsagt er det ingen tvil om at det er Helse Førde si oppgave å følgje opp vedtaket i Helse Vest ligg der. Det er eit prinsipielt vedtak om dagkirurgi, og ikkje berre at det er grå stær-operasjonar som skal vere tilbodet. Det er Helse Førde si oppgave å følgje opp og sjå konkret kva andre behov som ligg der, sa Høie, og legg press på Helse Førde.

Glede over presisering

Selje-ordførar Ottar Nygård uttrykte glede over ministeren si presisering av at grå stær berre

er ein del av dagkirurgien.

– Bekymringa vår er overfor Helse Førde. Vi ser at andre regionar ser framover. Det er mogleg å sjå høve, og vi håper Helse Førde vil gjere det, sa Morten Hagen, ordførar i Vågsøy.

– Det er inspirerende å vere på besøk her, og eg har opplevd å møte tilsette som er positive. Ein er opptatt av noko som er framtida, og har ikkje fokus på det som har vore, roste Høie.



Nordfjordsrådet stilte krav: F.v. Anne-Britt Øen Nygård i Hornindal, Ottar Nygård i Selje, Sven Flo i Stryn, minister Bent Høie, Morten A. Hagen i Vågsøy, Alfred Bjørlo i Eid og Anders Ryssdal i Gloppen.

Krev stadleg leiing med makt

– Vi er opptekne av at ikkje noko raknar, påpeiker Stryn-ordførar Sven Flo.

Ordførarane krev startordre frå helseministeren om reell dagkirurgi ved sjukehuset.

– Vår bekymring er om vi kan stole på at dette blir gjennomført, og om vi har den gjensidige tilliten for å gjere Nordfjord sjukehus til den nasjonale føre-

gangsmodellen både Helse Vest og helseministeren proklamerer – med dagkirurgi, effektiv ressursutnytting og lokal leiing. Bakteppet for uroa er Helse Førde si ekstremt negative haldning til dagkirurgi, sa ordførar Alfred Bjørlo frå Eid.

Nordfjordsrådet ber ministeren presisere at vedtaket om dagkirurgien kjem på eit nivå både i omfang og innretning som ein må kunne forvente av framtidens lokalsjukehus. Ordførarane krev også at polikli-

nikk i ortopedi/kirurgi må på plass utan vidare opphald, slik styrevedtaket i Helse Vest seier.

Nordfjordsrådet meiner det mest avgjerande er å få på plass ei stadleg leiing med reell makt. Dei er oppgitt over at Helse Førde trenerer og attpåtil bygger ned sjukehusareal til leilegheit.

– Det provoserer oss kraftig at ting kjem i feil rekkjefølgje. Det nyttar ikkje å fjerne moglegheitene, seier ordførarane.